

Foreldreinfo mai 2025



FAU/SU

Det har blitt gjennomført årsmøte i FAU den 22.05. med foredrag av Line Marie Warholm som snakka om temaet «Robuste barn». Takk til alle som møtte og fekk med seg foredraget!

Trafikkopplæring

Politikontakt Jon Uleberg har vore på skulen og hatt opplegg knytt til hjelmbruk og sikker ferd i trafikken på sykkel.

Nyttar høvet til å be føresette om å sjå over sykklar, at bremsar, lys og hjelm er i god stand slik at ungane er klar for ein trygg sommar på eitt, to eller fleire hjul.



For ein flott 17.mai me fekk! Det er ein ekstra stas dag å vera rektor på når så mange innbyggjarar tek seg bryet med å koma bort og fortelje kor flott dei syns ungar og ungdommar oppførte seg i tog og elles. Gratulerer til talarar, konferansierar og stafettlag som alle gjorde ein framifrå innsats!

10.trinn er ferdig med skriftleg eksamen, no gjenstår berre munnleg eksamen, livsmeistringsveke og avslutningsfest før dei skal ut i ei større verd. Samtidig skal me ta imot 15 spente førskuleelevar til førskuledag, og 40 elevar som er spente på å starta på ungdomsskulen. Det er eit privilegium å få arbeida med barn og ungdom og sjå korleis dei modnast, veks og blir flotte unge vaksne!

Lukke til med innsjutt av skuleåret, siste skuledag er torsdag 19.juni.

Mvh

Svanhild Gjedrem

rektor

